

Samarbeid somatikk – psykiatri

Ein pasient som er både psykisk sjuk og har ein fysisk sjukdom, har vore innlagt i sjukehuset ei rekkje gonger, både innan somatikk og psykiatri.

Pasienten var igjen sjuk, og legevaktlegen ønska å få pasienten innlagt. Vaktlege på somatisk avdeling på sjukehuset vart kontakta, men denne ønska pasienten innlagt i psykiatrisk avdeling, grunna historikken. Pasienten blei derfor innlagt på akutt psykiatrisk avdeling.

Pasienten hadde redusert allmenntilstand då vedkommande kom til avdelinga. Personalet oppfatta pasienten som synleg fysisk sjuk med klare symptom. Dei som kjende pasienten frå før, opplevde den fysiske tilstanden til pasienten verre enn tidlegare.

Vaktlegen på somatisk avdeling blei igjen kontakta for vidare utgreiing, og kom på tilsyn etter nokre timar. Seinare same dag blei pasienten flytta over til somatisk avdeling.

Årsak: I saker der pasientar både har psykiatriske og somatiske problemstillingar, kan det vere usemje om kvar pasienten mest «høyrer heime» og får best oppfølging. Frå begge sin ståstad kan det opplevast vanskeleg å få tilsyn raskt nok frå motsett avdeling.

Tiltak:

Sidan mange pasientar har eit komplekst sjukdomsbilete, er det behov for open dialog og jamlege samarbeidsmøter mellom psykiatriske og somatiske avdelingar. Slike møte blir no gjennomført.

Pasienttryggleiksutvalet (PTU) si vurdering:

PTU meiner at Helse Førde må yte tenester til heile mennesket, uavhengig av kva avdeling pasienten er innlagt på. Det er gjort avtale om tilsyn frå spesialistar frå avdelingar der pasienten ikkje er innlagt, for å imøtekomme dette behovet.

For å sikre tryggleiken for pasientar og personale, er det viktig at alle partar er lydhøyre for behovet for hjelp og stiller så raskt som råd til tverrfagleg vurdering.